

Fra: Terje Haugsgjerd (Terje.Haugsgjerd@hfk.no)

Sendt: 22.06.2017 12:52:11

Til: Bibliotekleiarane i Hordaland

Kopi: Ruth Ørnholt

Emne: Digidel 2017 kurs Stord og Bergen

Vedlegg: image001.png

Hei!

Fylkesbiblioteket inviterer til dagskurs knytt til digital deltaking. Målet med dagskurset er å gjera rettleiarar trygge på opplæring for vaksne i grunnleggande digitale ferdigheter. Kursleiar er Eddie Pedersen frå Kompetanse Norge.

Innhaldet vil dreie seg om digitale ferdigheter og «veiledningspedagogikk», før vi me går inn på dei nasjonale digidel-ressursane. Det vil vere rom for dialog med deltakarane, og deling av erfaringar frå dei som har gjennomført slike kurs.

Det er fleire kommunale tenester som møter manglande digitale ferdigheter hjå brukarane. Vi oppmodar difor til at de inviterer med dykk andre relevante deltakarar i kommunen (som t.d. vaksenopplæringa, servicesenteret eller Nav). Dette kan også gjelde frivillige rettleiarar i digitale ferdigheter som samarbeider med biblioteka.

Kurset er gratis og lunsj er inkludert.

Påmeldingsfrist er 18. august.

Ein kan velje å delta på Stord eller i Bergen.

Stord 13. september 10.30 til 15.30

Påmelding

Bergen 14. september Bergen 10.00 til 15.00

Påmelding

Velkommen!

Følg elles fylkesbibliotektes kalenderhendingar for oppdatering rundt kurs og arrangement:

<http://www.hordaland.no/nn-NO/sokeresultat/?q=fylkesbibliotek&filters=Kalenderhendinger>

Helsing Terje

Terje Haugsgjerd

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga|fylkesbiblioteket



Tlf: 55 23 93 73 / 48 30 62 60

www.hordaland.no/fylkesbiblioteket